



# NMK Vikedal

## Årsmelding 2001



## **Til alle medlemmer i NMK Vikedal**

### **Innkalling til årsmøte i NMK Vikedal**

Tid: Laurdag 17. november 2001 kl. 11.00

Stad: Fugl Fønix Hotell, Etne

#### **Saksliste :**

<b>Kl.</b>	<b>Sak nr.</b>	<b>Sak</b>
11.00	1.	Opning ved leiaren
11.05	2.	Godkjenning av innkalling og saksliste. Val av ordstyrar og 2 medlemmer til å skriva under referatet
11.10	3.	Årsmelding
11.30	4.	Rekneskap
12.00	5.	Anlegg
12.30		Lunsj
13.15	6.	Medlemmer - organisering av klubben
13.45	7.	Arrangement - Jubileumsarrangement
14.00	8.	Budsjett
14.45	9.	Val
15.15	10.	Innkomne forslag
15.45	11.	Fastsettjing av medlemskontingent og andre avgifter
16.00	12.	Andelsbrev, trekking og premiering
16.15	13.	Avslutning

Eventuelle forslag ein vil at årsmøtet skal ta opp, må vera leiaren i styret i hende seinast tirsdag 13. november og leverast skriftleg til styret før årsmøtet startar.

For styret i NMK Vikedal

Sverre Sæterbø, leiar  
(sign.)



## ÅRSMELDING 2001.

### • INNLEIING :

Denne årsmeldinga gjeld frå 1. nov. 2000 til 31. okt. 2001. Den er delt inn i to deler, ein del med årsmelding frå hovudstyret og ein del med rekneskap og budsjett.

### • ADMINISTRASJON :

Klubben har blitt administrert av eit hovudstyre med 5 medlemmer.

### • HOVUDSTYRE :

Styret har vore samansett slik :

Leiar	:	Sverre Sæterbø
Nestleiar	:	Robert Vørøs
Medlemmer	:	Dag Lygre (sekretær) Svein Atle Berge (kasserar) Leif Roald Bjelland
Varamedlem	:	Tom Jørn Johnsen
Varamedlem	:	Steinar Høyvik

Konsulent :	Sivert Ole Holten
Rekneskapsførar :	Svein Erik Østbø

Sekretær Dag Lygre har hatt permisjon 10 mnd. frå vernet grunna utanlandsopphald, og varamedlem Tom Jørn Johnsen har i den tida ivareteke hans oppgåver. Rekneskapsførar Svein Erik Østbø har delteke på alle styremøtene.

### • STYREMØTER :

Det har vore halde 8 styremøter, og styret har hatt eit hektisk år med mange viktige saker for klubben.

## **STYREMØTESAKER:**

Det har vore fast agenda på møtene med desse hoved punkta:

**1 GODKJENNING REFERAT**

Alle møtereferata er godkjende.

**2 ØKONOMI**

Økonomien i klubben har vore anstrengd, det har blant anna vore jobbet ein del mot sponsorar med godt hell og det har vore søkt om tippemidler som har gitt kr 69 000,-. Det har vore stor oppslutning av publikum og aktive på løpene i år som har bidratt positivt til regnskapet. På dei siste møtene har det vore arbeida med budsjett for år 2002. Motocross har fått innvilga ein del midlar for neste år.

**3 ANLEGG**

Banen har det blitt gjort mykje med i året som gjekk. Toalettbrakkene er montert og tatt i bruk, det er bygd "kurbs" i 3 svingar, banen er grusa opp og det er asfaltert i målsvingen. Det har vore laber oppslutning på dugnadane, det er for det meste dei same som går igjen. Det er ført dugnadslistar.

**4 MEDLEMER**

Medlemsmassen er noko aukande med ca. 90 betalande. Det blei gjennomført ei spørjeundersøking blant medlemene om deira forhold til klubben. Dette var det svært få som svarte på.

**5 ARRANGEMENT**

Det har vore arrangert 5 løp i år som var vellukka med mykje publikum, mange aktive og godt vær. Til neste år er NMK Vikedal 20 år og dette bør markerast. Det er bestemt at det skal kjørrast 6 løp til neste år inkludert eventuelt eit mestermøte i høve jubileet.

**6 EVENTUELTT**

Saker som har vore til behandling under eventuelt:

I vår blei det jobba med å få personar til å ta løpsleiarkurs og teknisk kontrollant kurs. Ein del tok dette. Treningskomiteen har ikkje fungert, styret tok over styringa og det blei trening og klubbløp nå i haust. Det blei utarbeida sikkerhetsinstruks for sikkerhetsleder på løp og trening. Det har vore ein del diskusjon om driftsformen til klubben, eit forslag på å tilsetja daglig leiar blei ikkje tatt til følgje.

- **KOMITEANE :**

- ANLEGGSKOMITEEN :**

Komiteen har i år 2001 bestått av: Lars Reidar Frøyland, Rune Nes, Paul Søyland, Jan Erik Olsen, Kjell Martin Vanvik, Ragnvald Bjelland, Leif Roald Bjelland og Øyvind Eikeland.

Hovudoppgåva i år har vore å få banen godkjent av Bilsportsforbundet. Følgjande har blitt gjort:

1. Første sving: Laga "curbs"

Andre sving: -----

Målsving: -----

2. Lagt asfalt i målsving

3. Indre bane: Planert

4. Nytt sanitæranlegg (blei montert i vår)

5. Div. gjerder ordnet/skiftet ut

6. Lagt ut ca. 500 tonn grus

7. Flytta voll for å få plass til sandfelle i 1.sving

Ca. kostnad for arbeid utført på banen:	sanitæranlegg	: kr 58.400,-
	bane	: " 122.000,-

Det er også utført en god del dugnadsarbeid bl.a.:

- Brann opp (m/løyve frå brannvakten!) gammal "pølsebrakke"
- Reiv gammal WC
- Vedlikehald av brakkene på banen (maling, snekring)
- Rydding av busk og kratt
- Malte alle postane rundt banen
- Div. fornying av flagg
- Rep. av rekkverk

Det var ikkje alltid like enkelt å få medlemmene til å stille opp på dugnad. Me vil senda ein STORT TAKK til "gjengangerene"! Det hadde vore kjekt om dugnadsånden blir betre i komande år på banen!

Dugnad for år 2002 som må gjerast for å få banen godkjent:

- "curbs" rundt dommersving
- dekk framfor poster

MVH  
Anleggskomiteen

## **BINGOKOMITEEN:**

NMK Vikedal har i år arrangert 10 bingokveldar på Vikedal Bygdahus. Vi har i år fått overført kr. 44.200,- frå fellesbingoen. Arrangementa har gått greit som følge av god dugnadsinnsats av dei som har vore med, både medlemmer og andre positive medhjelparar. Bingokomiteen vil nyta høve til å takka alle for innsatsen og håpar på like positiv oppslutnad om bingo til neste år både av gamle og nye medlemer.

Helsing Bingokomiteen  
Kari Holten Leifsen & Solveig Reimers

## **MOTOCROSSKOMITEEN:**

Etter å ha snakka med div. MX interesserte foreslo Leif Roald Bjelland eit tenkt styre for ei motocross-gruppe i NMK Vikedal:

Jan Hegerland, leiar  
Lars Matre  
Tommy Johansen  
Geir H. Skeie

Etter dette starta Jan Hegerland med å få tak cross-interesserte og undersøkja om dei kunne tenka seg å vera aktivt med i Vikedal. I desember 2000 hadde ein det første møtet for styret & andre medlemmer i crossgruppa.

I mars arrangerte MX-gruppa lisens- og aktivitetsleiarkurs med Per Andersen frå Haugesund som kursleiar. 10 stk. tok lisenskurs og 8 stk. aktivitetsleiarkurs.

I mai hadde me besøk av Jannis Kristoffersen for å rettleia oss i korleis me kunne få mest mulig ut av banen med hensyn til kjøring og sikkerhet. Jannis, som er tidligare norgesmester i motocross, meinte banen i Vikedal er ganske unik, sidan heile traseen er synlig for publikum.

Det har ellers vore gjort maskinarbeid for kr 14000.- på banen samt ein del dugnadsarbeid som laging av hopp, rydding av skog, kapping og sikring av autovern, sprøyting med Roundup etc.

Lørdag 25 august: første offisielle trening. Me fekk Grannar til å laga ein reportasje, ang. nyoppstart i motocross. Treningstidene er satt til kvar lørdag 12.00 - 15.00 samt onsdagar etter avtale med aktivitetsleder.

Etter reportasje i Grannar og Ideavisa, har me hatt stor pågang av interesserte. Der har det vore ein stor fordel med samarbeidet med Vindafjord kommune som har syklar for prøving/utleige. Desse blir administrerte av Tommy Johansen.

Me har dessverre hatt ein del problemer med mykje vatn og blaute partier på banen, noko som har resultert i at nybegynnarane og syklar med små hjul ikkje klarar å fullføra rundt banen. Dette blir det jobba aktivt med nå, og me skal få orden på problemet til neste sesong.

# Årsrapport løpskomiteen 2001

Løpskomiteen i NMK Vikedal har hatt i oppgave å stå for det tekniske arrangement på 5 hastighetsløp i inneverande år;

22.04;	Rallycross kombinert med bilcross jr og cross-cart	<b>Vikedal Motorbane</b>
10.06;	Bilcross kombinert med rallycross nasjonal	<b>Vikedal Motorbane</b>
16.09;	Rallycross kombinert med bilcross jr.	<b>Vikedal Motorbane</b>
29.09;	Finale vestlandsmesterskapet/bakkeløp Årskog industriområde, <b>Fitjar</b>	
14.10;	Bilcross kombinert med rallycross nasjonal	<b>Vikedal Motorbane</b>

Medlemer løpskomite;

Kjersti Stokken  
Kari Steinsland Vik  
Camilla Utne  
Kari Holten Leifsen  
Johannes Holten Leifsen  
Bjarte Lygre

Arbeidsfordelinga har ikkje vore jevn i komiteen. For løpa i Vikedal har det meste av forarbeid med omsyn til påmeldingar, vakter, innkjøp m.m. falle på husstanden Holten-Leifsen. Bakkeløpet på Fitjar vart også i år organisert av Camilla Utne, i år med noko meir "ballast" enn i fjar. Det vart i samband med første løpet i år arrangert kurs for tekniske kontrollantar, dette har letta arbeidet med å få vakter ein del.

Då komitemedlemene er spredd frå Sauda til Fitjar, har det vore få møter, det meste av kommunikasjon har gått på e-mail.

Arrangementa har me gjennomført utan dei store vanskane, noko som skuldast rutinerte funksjonærar/vakter på løpa. Det har vore noko diskusjon om ansvarsområde til løps og banekomiteen, personleg meinar eg løpskomiteen ikkje skal involvere seg i bane eller bygningar med utstyr, anna enn på løpsdagen.

Påmeldingar på internett har ikkje kome skikkeleg i gong enno. Når me har eit sikkert system for dette, bør dei som nyttar elektronisk påmelding (og betaling) få ei lågare påmeldingsavgift.

Før neste stemne må ein syte for skikkeleg avsperring av pubikumsområda.

Me har hatt stor deltaking på alle løpa våre, og ei god rekruttering til både bilcross jr. og rallycross nasjonal. Det har og vore godt overskot på alle løpa i år.

Det er skrive ei oppsummering etter kvart løp, dei fyljer vedlagt for 22/4, 16/9 og 14/10.

Sauda 16.11.01  
Bjarte Lygre  
Leiar løpskomiteen 2001  
*(denne sida er lagt til årsmeldinga etter årsmøtet)*

- ØKONOMI :**

Økonomisk har året 2001 vore godt for NMK Vikedal. Vi fekk eit underskot på kr. 18.519,06 av ei omsetning på kr. 626.444,-. Hovedinntektene er gode resultat på løpa og bingoen i Vikedal som går betre enn venta. Dessverre fekk vi ikkje inntekter av innsatsen på Rootsfestivalen i år, men vi håpar det kan bli betre neste år. Kr. 69.000,- i spelemidlar som vi vart tildelt, kom først 2. nov. og vert dermed inntektsført neste år. Refinansieringa av lånet i fjar har frigjort ein god del midlar. Dette har gjort at vi i år har kunna bruka mykje pengar på anlegget, opp mot 200.000,- kr. Dette har skapt press på likviditeten sidan mykje av inntektene kom seint i året. Vi føler likevel at vi har god økonomisk kontroll.

#### **ARRANGEMENTØKONOMI :**

NMK Vikedal har arrangert desse løpa i 2001:

Dato	Type arr.	Stad	RC	BC	BC jr.	CC	Bet. tilsk.	Resultat
22/4	RC/BC jr.	Vikedal	31		13	10	900	55.077,-
10/6	RCN/BC	Vikedal	17	31	18		526	39.493,-
19/8	Klubbløp	Vikedal	5	16	7		--	1.900,-
16/9	RC/BC jr.	Vikedal	30		12		545	34.389,-
29/9	Bakkeløp	Fitjar	28				149	140,-
16/10	RCN/BC	Vikedal	16	30	13		349	23.683,-

Resultatet er utan fortенesta på kiosksalet. Fortenesta på det var rundt kr. 59.000,- totalt. På alle løpa har det vore stort sett fint vær, sjølv om det har sett svært därleg ut laurdag ettermiddag på fleire av dei. Den store tilstrøyminga av publikum på det første løpet skapte litt problemer for billettsalet og parkeringa. Ellers har løpa vore greitt avvikla. Dessverre kolliderte 2 av rundane i NMK Vikedal Cup med løp i Egersund. Dermed mista vi ein del deltakerar fra sørfylket, noko vi vil unngå neste år.

- **SPORTSLEGE RESULTAT :**

### **Bilcross junior**

Sesongen 2001 viser at prioriteringa av bilcross junior er rett. Vi har i dag mange aktive juniorar og det ser ut som antal aktive aukar også neste år. NMK Vikedal har i dag eit styre som har jobba aktivt for å ta vare på juniorane. Dette er ein jobb som må prioriterast også dei komande åra. Juniorane er grunnlaget for klubben i framtida, så her må det jobbast for å rekruttera fleire unge til klubben.

Sportsleg har juniorane representert NMK Vikedal bra. Mange av juniorane har gode resultat å visa til også på andre arenaer enn Vikedal Motorbane. Dei tar og sporten sin seriøst, og bruker mykje tid på den. NMK Vikedal cup var ei "gulerot" for mange av juniorane. Første plassen gjekk til Ernst Harald Holten Leifsen, tett følgd av Golfane til Ragnvald Bjelland og Rikard Særsten. Elles var det mykje bra og fartsfull kjøring i cupen, noko som juniorane må få skryt for.

Sesongen 2001 må sjåast på som ei oppmuntring for NMK Vikedal på juniorsida.

### **Bilcross senior**

Bilcross senior har hatt ein stigning etter åpninga av banen i Bergen, noko som viser igjen i Vikedal. Vi har hatt mykje folk på løpa våre (litt pga fint vær), noko som er svært bra. BC senior førerane står for god underhaldning på banen, men mange av dei jobber også hardt for klubben. BC senior blei ståande utanfor NMK Vikedal cup, noko som bør endrast til neste år. Det bør og jobbast for ein felles cup i samarbeid med Bergen. Dette ville gjort Vestlands-bilcrossen endå meir attraktiv. Det er eit ønskje at nokon kan jobba vidare med ein slik ide.

Sportsleg har resultata vore midt på treet, ingen fra NMK Vikedal reiste til landsfinalen som i år gjekk i Stjørdal. Av BC seniorførerane har Øyvind Eikeland vore framståande blant klubben sine førerar.

Sesongen 2001 viser at antallet aktive BC seniorførerar aukar, noko som er svært bra for NMK Vikedal.

### **Rallycross nasjonal**

Denne klassen har auka frå 4 bilar i fjor til 10 bilar i år berre i NMK Vikedal.

Det beste resultatet har Terje Steinnes med ein 2. plass i VM og 5. plass i NMK Vikedal cup.

Nils Arve Helland vart nr. 5 og Ben Inge Hammer nr. 6 i VM.

### **Supernasjonal under 2000ccm.**

I denne klassen har NMK Vikedal berre vore representert med 3 førerar. Svein Bjarte Holten, som har bygd ny bil og kanskje treng litt meir trening til å bli kjent med den, enda til slutt på ein 5.plass i VM. Leif Roald Bjelland og Kjell Martin Vanvik som kjøpte seg nye biler til denne sesongen gjorde det også bra. Kjell Martin gjekk over i Rallycross Nasjonal midt i sesongen.

## Supernasjonal over 2000ccm.

Etter to løp i VM låg Knut Olav Skaar og Ole Vidar Helland på ein delt andre plass, så det låg an til ein spennande sesong. Men så skada Ole Vidar ryggen i NM-runden på Krabyskogen 7. juli og kunne ikkje fullføra sesongen, Knut Olav kom til slutt på ein 4. plass i VM, Terje Heggøy vart nr. 6 og Ole Vidar nr. 7 (med 2 teljande løp). Knut Olav har og det beste resultatet i NM-rundane med 12. plass på Lyngås i juni.

## Crosskart

Eirik Voll vann Norgescupen i klasse 1 (250 ccm). I klasse 2 (650 ccm) kom Yngve A. Strand til slutt på ein 2. plass etter berre å ha stilt til start på tre av dei fem rundane som talde i Noregscupen.

## Resultata i Vestlandsmesterskapet

	(4 av 5 rundar talde i samanlagt)			Vikedal	Bergen	Bergen	Vikedal	Fitjar	
Pl.	Navn	Klubb	Bilmerke	22.04.01	19.05.01	04.08.01	16.09.01	29.09.01	Totalt
<b>Rallycross nasjonal</b>									
1	Øystein Verlo	NMK Bergen	Volvo 360		20	20	7	20	67
2	Terje Steinnes	NMK Vikedal	Volvo 360	16	17	(10)	17	17	67
3	Trond Kongshavn	NMK Bergen	Volvo 245	13	(11)	17	11	15	56
4	Nils Arve Helland	NMK Vikedal	VW Boble F.R.T.	(3)	13	12	13	13	51
5	Ben Inge Hammer	NMK Vikedal	Ford Escort MK II	(8)	12	15	10	11	48
6	Audun Gaard	NMK Vikedal	Opel Ascona B		9	11	12	10	42
7	Roar Ulvatn	NAF Nordhordland	VW Golf	17	8	7	5		37
8	Jens Olav Bertelsen	NMK Bergen	Volvo 242		15	13		9	37
9	Sigmund Lutsi	Kylles Racing	O.C VW Type 1	20			15		35
10	Rune Lutsi	Kylles Racing	VW Type 1	11			21		32
11	Øyvind Våge	NMK Vikedal	Ford Escort MK II	5	6		9	12	32
12	Per Gaute Østbø	NMK Vikedal	Skoda 120 GLS	9	10		6		25
13	Kjell Martin Vanvik	NMK Vikedal	Ford Escort MK I			9	8	7	24
14	Alf Magne Sørensen	NMK Vikedal	Peugeot 309	10	7				17
15	Vidar A. Olsen	NMK Vikedal	Ford Escort MK II		5		5	5	15
16	Bjørn Olaf Wiik	KNA Haugaland	Ford Sierra	12					12
17	Odd Byberg	NMK S & J	BMW					11	11
18	Joachim Dalland	NMK Bergen	Opel Ascona B			8			8
19	Bjørn Helge Skarveland	NMK Vikedal	Toyota Corolla	2				6	8
20	Sigbjørn Levang	Kylles Racing	O.C VW Type 1	7					7
21	Åge Grinde	KNA Haugaland	VW Golf	6					6
22	Åge Oftedal	Kylles Racing	VW Type 1	4					4
23	Ørjan Lutsi	Kylles Racing	VW 1302	1					1
<b>Klasse 2, Super i/2000 ccm</b>									
1	Tommy Bakkerud	KNA Bergen	Ford Escort Cosworth	21	21		21	21	84
2	Åge Bakkerud	NMK Bergen	Ford Escort	13	13	21	17	13	66
3	Gorm Olsen	NMK Bergen	Ford Escort MK II		17	17	13	17	64
4	Atle Brudvik	NAF Nordhordland	Ford Escort MK II		13	15	11	12	51

5	Svein Bjarte Holten	NMK Vikedal	Ford Focus	17	11		12	8	48
6	Leif Roald Bjelland	NMK Vikedal	Ford Escort Cosworth	11		13	10	9	43
7	Ronny Wilhelmsen	NMK Bergen	Ford Escort MK II		8	9	8	11	36
8	Jan Tore Ulvatn	NAF Nordhordland	Ford Escort Cosworth		9	12		10	31
9	Hans-Ove Solend	NMK Bergen	Ford Escort MK II		12		15		27
10	Kjetil Møn	NAF Hordaland	BMW M3	12	Utelukk.	11			23
11	Kjell Martin Vanvik	NMK Vikedal	Ford Escort MK I	15	6				21
12	Bernt A. Amundsen	NMK Bergen	Ford Escort MK II		7	10			17
13	Geir Ravnanger	NMK Bergen	Ford Sierra Cosworth				9	7	16
14	Tommy Sølvberg	NMK Nordfjord	Ford Focus					15	15
15	Atle Hamre	NMK Bergen	Ford Escort MK II		10				10
16	Ole K. Nøttveit	NAF Nordhordland	BMW M3				8		8

**Klasse 2, Super i/2000 ccm**

1	Lennart Vetås	NMK Bergen	Volvo 544 PV	20	20	(13)	20	13	73
2	Jostein Skjerve	NMK Bergen	Holden Commodore		18	21	16	18	73
3	Håvard Gaassand	NAF Bergen	Volvo 240	13	(12)	15	17	15	60
4	Knut Olav Skaar	NMK Vikedal	Volvo 240	17	13	17	(11)	12	59
5	Geir Nøttveit	NAF Nordhordland	Volvo 142	(11)	11	11	12	20	54
6	Terje Heggøy	NMK Vikedal	Volvo 240	(9)	9	12	13	11	45
7	Ole Vidar Helland	NMK Vikedal	Volvo 440 F.R.T	15	15				30
8	Ole Kristian Nøttveit	NAF Nordhordland	Volvo 240	10	10				20
9	Eivind B.Nevland	NMK Egersund	Volvo 240	13					13
10	Roger Kalstad	NMK Sunnfjord	Volvo 240			10			10
11	Roy Kenneth Morken	NAF Nordhordland	Volvo 240				10		10
12	Frank Blomdal	NMK Bergen	Opel Ascona B		8				8

## Resultatliste for NMK Vikedal Cup 2001

**Bilcross junior:**

	Navn	Bil	Klubb	22-apr	10-jun	16-sep	14-okt	Totalt
1	Ernst Harald H. Leifsen	Ford Escort MK II	NMK Vikedal	20	20	20	17	77
2	Ragnvald Bjelland	VW Golf GTI	NMK Vikedal	17	15	13	20	65
3	Rikard Særsten	VW Golf GTI	NMK Vikedal	9	10	15	13	47
4	Rolf Andre Eilertsen	Ford Sierra	NMK Vikedal	15	11	5	12	43
5	Arnt Richard Andreassen	Volvo 144	NMK Vikedal	7	12	17	6	42
6	Ørjan Vikedal	Ford Sierra	NMK Vikedal	8	8	11	11	38
7	Marius Vaka Lothe	Peugeot 205 GTI	NMK Vikedal	6	17	6	7	36
8	Geir Harald Skeie	Volvo 142	NMK Vikedal	13	4	12	4	33
9	Stian Tysnes	Fiat 131 Super Rally	NMK Vikedal		9	9	10	28
10	Roald Johan Saltvedt	Ford Sierra	NMK Vikedal	5	5	10	5	25
11	Håvard Helland	VW Boble F.R.T.	NMK Vikedal	11	13			24
12	Roy Magnus Ytterøy	BMW 520	KNA Haugaland			8	9	17
13	Geir Johnny Kvalevåg	Volvo 242 L	KNA Haugaland	4	6	7		17
14	Inge Stian Helland	Lada	NAF Gjesdal				15	15
15	Bent Inge Nybø	Ford Sierra	KNA Haugaland		7		8	15
16	Rune Nes	VW 1302	NMK Vikedal	12	2			14
17	Terje Arild Bø	Ford Sierra 2.0	KNA Haugaland	10				10
18	Kim Arne Gjesdal	Ford Escort MK II	NMK Bergen		3			3

### Rallycross nasjonal:

	<b>Navn</b>	<b>Bil</b>	<b>Klubb</b>	<b>22-apr</b>	<b>10-jun</b>	<b>16-sep</b>	<b>14-okt</b>	<b>Totalt</b>
1	Rune Lutsi	VW Type 1	NAF Gjesdal	11	20	20	17	68
2	Sigmund Lutsi	O.C VW Type 1	NAF Gjesdal	20	12	15	13	60
3	Trond Kongshavn	Volvo 245	NMK Bergen	13	17	11	12	53
4	Terje Steinnes	Volvo 360	NMK Vikedal	15	4	17	6	42
5	Ben Inge Hammer	Ford Escort MK II	NMK Vikedal	8	9	10	9	36
6	Stig Tore Lian	O.C VW Type 1	NAF Gjesdal		13		20	33
7	Nils Arve Helland	VW Boble F.R.T.	NMK Vikedal	1	11	13	7	32
8	Roar Ulvatn	VW Golf	NAF Nord-Hordaland	17		8		25
9	Ørjan Lutsi	VW 1302	NAF Gjesdal	3	10		11	24
10	Øyvind Våge	Ford Escort MK II	NMK Vikedal	5	7	9	1	22
11	Øystein Verlo	Volvo 360 H.R.L.	NMK Bergen		5	5	10	20
12	Kjell Martin Vanvik	Ford Escort MK I	NMK Vikedal		8	6	5	19
13	Per Gaute Østbø	Skoda 120 GLS	NMK Vikedal	9	3	4	2	18
14	Alf Magne Sørensen	Peugeot 309	NMK Vikedal	10	6			16
15	Kenneth Helland	Lada	NAF Gjesdal				15	15
16	Stian Nilsen	VW Type 1	NMK Egersund		15			15
17	Audun Gaard	Opel Ascona	NMK Vikedal			12	3	15
18	Bjørn Olaf Wiik	Ford Sierra	KNA Haugaland	12				12
19	Leif Roald Bjelland	Ford Escort Cosw.	NMK Vikedal		2		8	10
20	Sigbjørn Levang	O.C VW Type 1	NAF Gjesdal	7				7
21	Vidar A. Olsen	Ford Escort MK II	NMK Vikedal			7		7
22	Åge Grinde	VW Golf	KNA Haugaland	6				6
23	Åge Oftedal	VW Type 1	NAF Gjesdal	4	1			5
24	Ronny Wilhelmsen	Ford Escort MK II	NMK Bergen				4	4
25	Bjørn Helge Skarveland	Toyota Corolla	NMK Vikedal	2				2

### • KONKLUSJON :

Året 2001 har vore eit fantastisk år for NMK Vikedal.

Billøpa har vore bra. Vi har hatt 2500 betalande tilskoderar. Det reelle tilskodartalet er truleg det doble, fordi det kun er vaksne ikkje-medlemer som løyser billett. Det har vore arrangert 5 løp i tillegg til eit klubbløp. Det har vore svært mange deltakarar med eit gjennomsnitt på rundt 60 pr. løp.

Anlegget på Vikedal Motorbane har fått etterlengta oppgraderingar. Det er installert toalettbrakker med vassklosset og dusjar, og banen er nå godkjent iht. NBF sine krav til H-banar. Det er i år investert svært mykje på eit anlegg som har fått godt omdømme ute blant aktive førerar i landet.

Klubben har fått ny aktivitet i motorsykkelgruppa etter initiativ frå dei aktive sjølve. Dei har høg aktivitet med trening kvar laurdag og onsdagar ved behov. Motocrossaktiviteten er godkjent for ungdom frå 12 år, og vi har planar for aktivitet ned til 5 år. Baneanlegget for motocross er oppgradert til god standard.

Dei høge investeringane på baneanlegget har vore svært etterlengta i mange år og er ein konsekvens av at klubben nå har god kontroll på økonomien slik at det meste av inntektene kan tilbakeførast til drift av klubb og anlegg, framfor til betjening av gjeld som har vore situasjonen til no.

Aktiviteten er på veg opp, vi har aukande antal løp for kvart år, publikumstalet er aukande, medlemstalet er aukande og vi har større breidde i sportslege aktiviteter. Alle gode teikn på ein livskraftig klubb etter mange år i motbakke.

• BUDSJETT 2001 / REKNESKAP 2001 / BUDSJETT 2002 :

Konto	Beskrivelse	Budsjett 2001		Rekneskap 2001		Budsjett 2002	
		Debet	Kredit	Debet	Kredit	Debet	Kredit
2021	Rekvisita	2 000,00	0,00	624,48	0,00	2 000,00	0,00
2031	Konsulentjenester	30 000,00	0,00	47 450,00	0,00	55 000,00	0,00
2041	Porto/telefon	6 000,00	0,00	3 751,20	0,00	3 000,00	0,00
2051	Annonser/reklame, hovedstyre	1 500,00	0,00	508,90	0,00	1 500,00	0,00
2081	Publikasjonar, internett	5 000,00	0,00	4 926,00	0,00	5 000,00	0,00
2121	Tillitsmannsmøter	5 000,00	0,00	0,00	2 000,00	5 000,00	0,00
2711	Utmerkelser/gaver v/bryllup ol	1 200,00	0,00	601,00	0,00	1 200,00	0,00
2805	Renteutgifter	20 000,00	0,00	19 223,00	0,00	20 000,00	0,00
2811	Gebyr, provisjon (bank,post)	3 000,00	0,00	2 124,00	0,00	3 000,00	0,00
3015	Div. stemneutgifter	10 000,00	0,00	6 104,00	0,00	12 000,00	0,00
3025	Politi, lege, ambulanse (bil)	8 250,00	0,00	12 800,00	0,00	15 000,00	0,00
3026	Politi, lege, ambulanse (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3035	Leige av parkeringsområde(bil)	3 500,00	0,00	3 500,00	0,00	3 500,00	0,00
3036	Leige av parkeringsområde(mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3045	Approbasjon, billettavg. (bil)	20 750,00	0,00	30 908,00	0,00	25 200,00	0,00
3046	Approbasjon, billettavg. (mc)	0,00	0,00	3 797,00	1 700,00	0,00	0,00
3055	Forsikring (bil)	24 290,00	0,00	31 460,00	0,00	28 350,00	0,00
3056	Forsikring (mc)	0,00	0,00	1 025,00	0,00	1 100,00	0,00
3065	Reise- og oppholdsutg. (bil)	10 000,00	0,00	11 163,00	0,00	14 500,00	0,00
3066	Reise- og oppholdsutg. (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3075	Løpsavgifter, NMK	7 000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3085	Annonser, reklame (bil)	10 000,00	0,00	22 345,40	0,00	15 000,00	0,00
3086	Annonser, reklame (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3095	Diverse porto, telefon (bil)	2 000,00	0,00	4 009,50	0,00	3 700,00	0,00
3096	Diverse porto, telefon (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3123	Programutgifter	7 500,00	0,00	13 101,32	0,00	12 000,00	0,00
3205	Pokaler, premier (bil)	15 000,00	0,00	22 745,22	5 274,00	15 000,00	0,00
3206	Pokalar, premiar (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3225	Premiepenger, førerar (bil)	3 000,00	0,00	4 940,00	0,00	2 740,00	0,00
3235	TV-dekning	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3255	Tilbakebet. av depositum	0,00	0,00	2 100,00	0,00	0,00	0,00
3315	Innkjøp, varer (bil)	42 000,00	0,00	130 900,75	0,00	76 000,00	0,00
3316	Innkjøp, varer (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3715	Inntekter av eget salg (bil)	0,00	73 500,00	0,00	178 964,50	0,00	133 500,00
3716	Inntekter av eget salg (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3805	Billettinntekter (bil)	0,00	96 000,00	0,00	197 634,50	0,00	148 000,00
3806	Billettinntekter (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3825	Startkontingent (bil)	0,00	84 350,00	0,00	111 100,00	0,00	98 500,00
3826	Startkontingent (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3845	Sponsorinntekter (bil)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3855	Parkeringsinntekter (bil)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3856	Parkeringsinntekter (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	6 000,00
3863	Programannonser	0,00	15 000,00	0,00	1 000,00	0,00	15 000,00
3873	Salg, programblad	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3885	Diverse, Overskot bud, startnr	0,00	0,00	0,00	400,00	0,00	0,00
3895	Depositum for mangl. Lisensar	0,00	0,00	0,00	1 850,00	0,00	0,00
4011	Andre tiltak	0,00	0,00	2 500,00	0,00	5 000,00	0,00
4013	Utgifter til Lyngstur	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4022	Utgifter, lotteri/bingo	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4031	Utg. Årsfest for vakter/medl.	0,00	0,00	8 060,00	0,00	1 500,00	0,00
4042	Reklameartiklar	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4052	Utgifter til andelsbrev	10 000,00	0,00	0,00	0,00	10 000,00	0,00
4065	Kursutgifter, funksjonærer bil	7 500,00	0,00	15 850,50	14 600,00	7 500,00	0,00

Konto	Beskrivelse	Budsjett 2001		Rekneskap 2001		Budsjett 2002	
		Debet	Kredit	Debet	Kredit	Debet	Kredit
4066	Kursutgifter, funksjonærer MC	0,00	0,00	4 790,00	2 420,00	5 000,00	0,00
4076	Leigeutgifter, Kaihus	200,00	0,00	160,00	0,00	200,00	0,00
4082	Utgifter til juletre,kristorn	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4095	Reisestøtte til førerar	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4101	Sponsorinntekter	0,00	4 500,00	0,00	9 000,00	0,00	10 000,00
4111	Andre tiltak	0,00	15 000,00	0,00	300,00	0,00	0,00
4113	Inntekter, Lyngástur	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4122	Lotteri/bingo	0,00	35 000,00	0,00	44 200,00	0,00	35 000,00
4132	Inntekter, årsfest	0,00	0,00	0,00	13 750,00	0,00	0,00
4142	Salg av NMK-jakker/T-skjorter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4152	Salg av andelsbrew/støttemedl.	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	5 000,00
4165	Avgifter, tekn. årskontroll	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4176	Utleige, Kaihus	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4182	Inntekter frå juletre,kristorn	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4195	Reisekasse for bilgruppa	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4205	Vognlisensar	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4215	Innkjøp og oppbygging	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4225	Personleg kjørerutstyr	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4235	Driftsutgifter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4245	Eingongslisensar	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4305	Sponsorar	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4315	Leigeinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4325	Lisensinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
5034	Bane-/tomteleige	21 500,00	0,00	25 780,00	0,00	28 900,00	0,00
5044	Straumutgifter	8 500,00	0,00	10 582,50	0,00	12 000,00	0,00
5054	Forsikring, anlegg	2 500,00	0,00	2 316,00	0,00	2 500,00	0,00
5064	Vassavgift/Renovasjon	4 000,00	0,00	4 346,00	0,00	5 000,00	0,00
5084	Diesel/bensin/brannslokke	0,00	0,00	1 900,90	0,00	3 000,00	0,00
5104	Publikumsområde/bygningar	20 000,00	0,00	2 998,39	0,00	20 000,00	6 000,00
5114	BC- / RC-bane	50 000,00	10 000,00	10 137,50	0,00	112 000,00	24 000,00
5124	Motocrossbane, vedlikehald	0,00	0,00	2 610,00	0,00	39 000,00	7 200,00
5304	Publikumsområde/bygningar	0,00	0,00	44 173,50	0,00	0,00	0,00
5314	BC- / RC-bane	0,00	0,00	128 650,00	20 000,00	0,00	0,00
5324	Motocrossbane	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
5834	Reklameskilt	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
7904	STUI-tilskot	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	69 000,00
7936	Tilskot frå kretsen	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
7941	Kommunale tilskot	0,00	15 000,00	0,00	10 600,00	0,00	15 000,00
8101	Medlemskontingent	0,00	8 000,00	0,00	9 883,00	0,00	10 000,00
8102	Støttemedlemskap	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
8202	Utgifter for støttemedlemskap	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
8405	Treningsavgift, bil	0,00	3 000,00	0,00	1 400,00	0,00	3 000,00
8406	Treningsavgift, Motocross	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	10 000,00
8801	Renteinntekter	0,00	300,00	0,00	368,00	0,00	300,00
<b>Summering</b>		<b>361 190,00</b>	<b>359 650,00</b>	<b>644 963,06</b>	<b>626 444,00</b>	<b>571 390,00</b>	<b>595 500,00</b>
<b>Resultat</b>			<b>- 1.540,00</b>		<b>-18.519,06</b>		<b>24.110,00</b>

• **VALKOMITEEN SITT FORSLAG FOR ÅR 2002:**

Hovudstyre:	Leiar	Steinar Høyvik
	Nest leiar	Svein Atle Berge
	Sekreter	Dag Lygre
	Ansvarleg bane	Leif Roald Bjelland
	Medlem	Tom Jørn Johnsen
	Ansvarleg MC	Jan Hegerland

Valkomite	Leiar:	Arild Vik + 1 medlem
-----------	--------	-------------------------

Revisorar	Anne Gunhilde Oma Roger Rolfsen
-----------	------------------------------------

Rekneskapsførar	Svein Erik Østbø
Utdanningskontakt:	?

Anleggskomite: Leiar	Øyvind Eikeland Lars Reidar Frøyland Rune Nes Paul Søyland Bjørn Vikedal Jan Erik Olsen
----------------------	--

MC komite : Leiar:	Jan Hegerland Lars Matre Jan Otto Mæland Tommy Johansen.
--------------------	---

Treningskomite, bil: Leiar:	Svein Bjarte Holten. Audun Gaard Ben Inge Hammer Martin Tveit Geir Utåker
-----------------------------	---

Arrangementskomite: Leiar:	Bjarte Lygre Sverre Sæterbø + 3 stk løpsledere. Kari Holten Leifsen Johannes Holten Leifsen
----------------------------	---

Innkjøpssjef:	Ole Sigve Leifsen
Kjøkkensjef:	Arne Lillemo
Bingokomite:	Kari Holten Leifsen Solveig Reimers

Valkomiteen 2001: Arild Vik og Leif Roald Bjelland

- **FORSLAG TIL KONTIGENT OG ANDRE AVGIFTER :**

Medlemskontingentar:

Senior	:	325,-
Junior	:	150,-


Treningsavgifter:

Fri trening heile året	:	500,-
Bil, mannleg førar og medl.	:	100,-
Bil, med ferjeutgifter	:	0,-
Bil, kvinneleg førarar og andre under 20 år	:	0,-
Bil, ikke medlem	:	500,-
Tillegg for ytterligare førerar	:	0,-

MC :  
Det blir gitt fullmakt til MC-komiteen til å bestemma dette seinare.

## **Samarbeidspartnerar i 2001:**

**Knapphus Bensinstasjon AS**



**Sandeid Sparebank**



**Bauge Auto AS**

**Neumann Bygg AS**



**NCC, Etne**



**Sandeid Cement AS**

**Vikedal Mur og Anlegg AS**



**Suldal Billakkering AS**

